



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Svein Kornerud, 5557 2027  
Egil Hauge, 5557 2350

Vår dato  
20.06.2016  
Dykkar dato  
17.12.2015

Vår referanse  
2011/8131 421.0  
Dykkar referanse

Samarbeidsrådet for Sunnhordland  
Postboks 444  
5403 Stord

### Referat frå møte om motsegn og mekling - Interkommunal strandsonenplan for Sunnhordland

Samarbeidsrådet for Sunnhordland har førespurt om mekling for motsegn frå Fylkesmannen i Hordaland til forslag til interkommunal strandsonenplan for Sunnhordland. Det var møte den 24.04.2016 hos Fylkesmannen i Hordaland, Statens hus, om motsegna og mekling i saka. Følgjande deltok på møtet:

Frå Samarbeidsrådet:

- Ordførar Wenche Tislevoll, Fitjar kommune.
- Rådmann Atle Tornes, Fitjar kommune.
- Dagleg leiar Gro Jensen Gjerde, Samarbeidsrådet for Sunnhordland.
- Tore Bjelland – plankonsulent.

Frå Hordaland fylkeskommune:

- Konstituert plansjef Eva Katrine Taule.

Frå Fylkesmannen:

- Assisterande fylkesmann Rune Fjeld.
- Fagdirektør Svein Kornerud.
- Prosjektleder - samordningsprosjektet Egil Hauge.

Det var drøfta om ein skulle mekle i saka slik den står no, eventuelt sende planforslaget til Kommunal- og moderniseringsdepartementet for endeleg avgjerd, eller fortsette ein prosess der Samarbeidsrådet for Sunnhordland arbeider vidare med planforslaget på bakgrunn av motsegna.

I tillegg til den oppnemnde styringsgruppa for planen, var Hordland fylkeskommune invitert med, som planfagleg vegleiar og planstyresmakt for pågåande arbeid med regional kystsonenplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger.

Fylkesmannen ønska velkommen og understreka at målet med møtet var å finne vegen vidare i planarbeidet. Dersom det er semje om at planen framleis er noko uferdig, m.a. om han manglar lovmessig forankring på ein del vesentlege punkt, kan det vere eit argument for at det vert arbeidd meir med planen i staden for å gjennomføre mekling no. Samarbeidsrådet gjekk gjennom bakgrunn for planen. Samarbeidsrådet vurderte det slik at det kan vere ønskjeleg og mogeleg å kome fram til ei løysing, slik at motsegna kan trekkjast attende. Hordland fylkeskommune viste til at ein har hatt store forventningar til dette samarbeidet og planarbeidet og

at det er viktig å få til ei løysing. Slik saka står, må arbeidet må sjåast i samanheng med ovanfor nemnde regionale planarbeid.

Fylkesmannen presenterte nokre sentrale motsegnspunkt, med fokus på forslaget til arealvurderingar og føresegnar som ein meiner ikkje kan heimlast i lova og/ eller statlege planretningslinjer. Desse vart diskuterte med representantane frå regionrådet. Det kom fram vilje til å sjå på føresegna på nytt. M.a. var det gitt uttrykk for at definisjonen av naust kan endrast i samsvar med motsegna.

Eva Katrine Taule, Hordaland fylkeskommune, orienterte om forslag til retningslinjer, slik dei er utforma i regional kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger. Det var semje om at desse bør vurderast i det vidare arbeidet med planen, som eit utgangspunkt for ein juridisk gjennomgang av føresegnene.

Etter det som framkom på møtet, var det semje om at det er grunnlag for å arbeide vidare med planframlegget for å komme fram til eit planforslag utan motsegn.

### **Oppsummering**

Samarbeidsrådet for Sunnhordland vil no arbeide vidare med planen, med sikte på å komme motsegna frå Fylkesmannen i møte. Fylkesmannen står til rådvelde i det vidare arbeidet, ev. delta i ei mindre arbeidsgruppe for utforminga av føresegnene.

Med helsing

Rune Fjeld  
ass. fylkesmann

Svein Kornerud  
fagdirektør

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til:  
Hordaland fylkeskommune Postboks 7900 5020 Bergen